



# DEN NORSKE KIRKE

Oslo bispedømme

Nyhetsbrev fra Oslo bispedømme og fellesrådene i Asker, Bærum og Oslo

## Julehilsen fra biskop Kari Veiteberg



### **Kjære medarbeidarar og venner,**

varm takk for alt godt samarbeid, for vennskap og for inspirasjon i året som er gått!

Eg ser tilbake på mange spennande samtalar, gode møte og fine gudstenester på visitasar, kyrkjebileum og i ulike samanhengar i 2021. Og for samtalar på skjerm og gjennom telefon. Vi har jo bak oss eit år som har bydd på store utfordringar for oss som set stor pris på å møte medmenneske ansikt til ansikt. Takk også for uthaldenheit og kreativitet i møte med alle utfordringane vi som kyrkje har blitt stilt overfor! Som vi alle veit er desse utfordringane slettes ikkje over enno ved inngangen til ei ny julefeiring.

Eg håpar likevel og ber om at julefeiringa i 2021 kan gi nytt mot og høve til kvile etter eit krevande år. For juleevangeliet om fred og håp skal lyde likevel. Til oss og alle som kan kjenne seg oversett. Og vi blir igjen utfordra til å sjå og ta va vare på sårbart liv. Som hos eit nyfødt barn som viser oss Guds ansikt i ein mørk stall.

Den danske presten Johannes Møllehave har skrive ein julesalme om å få auge på det som det er lett å oversjå. Det siste verset lyd slik:

*At Guds Søn blev lagt på strå  
mellem dem man overså  
råbes ud med jubelråb  
som de oversetes håb.  
Gud har set det oversete!  
Julens glæde at det skete.*

Med ønske om ei velsigna jul og eit godt nytt år!

Biskop i Oslo  
Kari Veiteberg

## Julehilsen fra kirkevergen i Oslo



Kjære ansatte, rådsmedlemmer og frivillige!

Julen 2021 blir på mange måter som i 2020, annerledes enn vi er vant til. Og nok en gang ser vi tjenestevillighet og omstillingsevne hos dere. Det blir jul i Oslos kirker også i går. Takk til dere alle sammen for alt dere gjør for kirken.

Det blir jul! Midt i pandemier og høye strømpriser, midt i glede og mismot, fellesskap og ensomhet, midt i livet håper vi hver enkelt skal få se, høre og kjenne at det er sant det engelen fortalte; i dag er det født dere en frelser.

Fra Kirkelig fellesråd ønsker vi en velsignet julehøytid.

Vennlig hilsen

**Robert Wright**

Kirkeverge

Kirkelig fellesråd i Oslo

---

Nyhetsbrevet sendes til ansatte, frivillige, folkevalgte i Oslo bispedømme og andre som har interesse av hva som skjer. Har du fått det videresendt kan du [melde deg på nyhetsbrevet i dette skjemaet](#).

Vil du melde deg av nyhetsbrevet? [Trykk her](#)



[Tilbakemelding på nyhetsbrev](#)